

MØTEBOK

Organ	Planutvalet
Møtestad	Eid - Eid Rådhus
Møtedato	25.01.2017
Kl.	10:00

Faste medlemmer til stades:

Jenny Følling, Sp
Aleksander Øren Heen, Sp
Trude Brosvik, KrF
Åshild Kjelsnes, Ap
Helen Hjertaas, Ap
Gunhild Berge Stang, V
Karen Marie Hjelmeseeter, Sp
Stein Malkenes, MDG
Frank Willy Djuvik, FrP
Jakob André Sandal, SV

Forfall til møtet:

Sigurd Reksnes, Sp
Hilmar Høl, Ap
Bjørn Erik Hollevik, H
Noralv Distad, H
Karianne Torvanger, Ap

Varamedlemmer til stades:

Marita Gunn Aarvik, FrP
Alfred Bjørlo, V

Til stades med møte- og talerett:

Tore Eriksen
Synnøve Stalheim

Sekretariat for møtet:

Annlaug Kjelstad

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

(Møtebok frå 23.11.2016 er å finne på <http://www.sfj.no/ato/esa62/document/moeteprotokoll-moete-i-planutvalet-den-23-11-2016.16124069d16124069.285c155833.pdf>).

SAK 1/17 Strategi for senterstruktur og tettstadsutvikling - Klargjering av målsetjingar

3. MÅLSETJING FOR STRATEGIEN

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Planutvalet sluttar seg til følgjande mål for strategiarbeidet:

Samfunns mål:

- *Strategi for senter og tettstadsutvikling skal gje Sogn og Fjordane sterkare BAS regionar, med meir attraktive tettstader som utfyller og styrker kvarandre.*

Effekt mål (strategien skal):

- fastlegge strukturen av store og små tettstader i fylket og arbeidsdelinga mellom desse
- legge føringar for lokalisering av offentleg tenester, næring og handel i strukturen
- skape føreseieleg grunnlag for private og offentlege investeringar
- legge grunnlag for å utvikle tenester tilpassa befolkningsgrunnlaget
- gi kriterium for utvikling av attraktive tettstader.

1. Framlegg frå Sp til Pkt 1 under effekt mål

Innhald i pkt. 1 går ut og blir erstatta med

- «Legge til rette og bidra til ein struktur og arbeidsdeling mellom byar og store og små tettstader i fylket som sikrar framtidige samhandlings- og vekstområder.»

2. Framlegg frå Ap til endringar i 2 punkt under effekt mål:

Innhald i pkt 2 går ut og blir erstatta med

- «Legge til rette for lokalisering av offentlege tenester, næring og handel i strukturen»

Nytt kulepunkt vert sett inn

- „Legge til rette for BAS-område i område rundt framtidsnæringar og næringar med høgt vekstpotensiale“

3. Framlegg frå Venstre til endringar under effekt mål

Innhald i første kulepunkt går ut og vert erstatta med.

- «Bidra til å utvikle strukturen av store og små tettstader i fylket og arbeidsdelinga mellom desse.»

Nytt kulepunkt vert sett inn:

- «Lukkast med god by- og tettstadutvikling i eit miljø- og klimaperspektiv.»

Under diskusjonen vart Venstre sitt framlegg til endring i første kulepunkt trekt slik at Venstre sitt framlegg til endring vert:

Nytt kulepunkt vert sett inn:

- «Lukkast med god by- og tettstadutvikling i eit miljø- og klimaperspektiv.»

Avrøysting:

1. Framlegget til endring vart samrøystes vedteke
2. Framlegget til endring og til tilleggspunkt vart samrøystes vedteke
3. Framlegget til tilleggspunkt vart samrøystes vedteke

Dette gir følgjande VEDTAK:

Planutvalet sluttar seg til følgjande mål for strategiarbeidet:

Samfunns mål:

- *Strategi for senter og tettstadsutvikling skal gje Sogn og Fjordane sterkare BAS regionar, med meir attraktive tettstader som utfyller og styrker kvarandre.*

Effektmål (strategien skal):

- Legge til rette og bidra til ein struktur og arbeidsdeling mellom byar og store og små tettstader i fylket som sikrar framtidige samhandlings- og vekstområder.
- Legge til rette for lokalisering av offentlege tenester, næring og handel i strukturen
- skape føreseieleg grunnlag for private og offentlege investeringar
- legge grunnlag for å utvikle tenester tilpassa befolkningsgrunnlaget
- gi kriterium for utvikling av attraktive tettstader.
- Legge til rette for BAS-område i område rundt framtidsnæringar og næringar med høgt vekstpotensiale
- Lukkast med god by- og tettstadutvikling i eit miljø- og klimaperspektiv.

4. GRUNNLAG OG UTFORDRINGAR

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Planutvalet sluttar seg til at utfordringane handlar om styrking av naturlege regionsenter og tettstader, og avklaring av kva som er mogleg utvikling for mindre sentrale område i fylket.

Regionane i fylket er ein vev av store og små tettstader med ulik storleik og funksjon som må leggest til grunn i strategiarbeidet. Vi er få menneske i Sogn og Fjordane. I eit større perspektiv vert vi heller ikkje sterke nok om vi tufter vår utvikling på tradisjonelle urbane løysingar. Vi treng å sjå etter alternative og andre løysingar som gjer stadane, tettstadane og byane særigne, aktive og levande og dermed attraktive.

Samstundes må tettstadsutviklinga fange utfordringane med klimaendringar og behovet for ei klimaomstilling.

Endringsframlegg:

Ingen

Avrøysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Planutvalet sluttar seg til at utfordringane handlar om styrking av naturlege regionsenter og tettstader, og avklaring av kva som er mogleg utvikling for mindre sentrale område i fylket.

Regionane i fylket er ein vev av store og små tettstader med ulik storleik og funksjon som må leggest til grunn i strategiarbeidet. Vi er få menneske i Sogn og Fjordane. I eit større perspektiv vert vi heller ikkje sterke nok om vi tufter vår utvikling på tradisjonelle urbane løysingar. Vi treng å sjå etter alternative og andre løysingar som gjer stadane, tettstadane og byane særigne, aktive og levande og dermed attraktive.

Samstundes må tettstadsutviklinga fange utfordringane med klimaendringar og behovet for ei klimaomstilling.

5. KUNNSKAPSGRUNNLAGET

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Planutvalet sluttar seg til vurderingane av kunnskapsgrunnlaget og peikar på at dette må avgrensast til kva som er naudsynt for å legge strategiane i samarbeidet med regionråda og andre. Arbeidet må også samordnast godt med kunnskapsgrunnlaga i regional transportplan, regional plan for klimaomstilling, regional strategisk plan for kysten og andre relevante planarbeid.

Endringsframlegg:

Ingen

Avrøysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Planutvalet sluttar seg til vurderingane av kunnskapsgrunnlaget og peikar på at dette må avgrensast til kva som er naudsynt for å legge strategiane i samarbeidet med regionråda og andre. Arbeidet må også samordnast godt med kunnskapsgrunnlaga i regional transportplan, regional plan for klimaomstilling, regional strategisk plan for kysten og andre relevante planarbeid.

6. PROSESS MED REGIONRÅDA

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Planutvalet sluttar seg til framlegg til prosess med regionråda. Regionråda arbeider ulikt med desse problemstillingane og vi ynskjer å bidra til samordning i ein felles strategi for fylket. Denne strategien vert seinare grunnlaget for ny arealplan for fylket i 2018.

1. Framlegg frå Frp til tillegg:

« Samarbeidsorganet mellom kommunane Selje, Vågsøy, Bremanger og Flora vert involvert på same måte som regionråda.»

2. Framlegg frå V til tillegg:

«Fylkeskommunen organiserer eit møte for andre samarbeidsorgan mellom kommunane til eit eige møte.»

Avrøysting:

1. framlegg til tillegg fall mot 5 røyster
2. framlegg til tillegg vart samrøystes vedteke

Dette gir følgjande VEDTAK:

Planutvalet sluttar seg til vurderingane av kunnskapsgrunnlaget og peikar på at dette må avgrensast til kva som er naudsynt for å legge strategiane i samarbeidet med regionråda og andre. Arbeidet må også samordnast godt med kunnskapsgrunnlaga i regional transportplan, regional plan for klimaomstilling, regional strategisk plan for kysten og andre relevante planarbeid. Fylkeskommunen organiserer eit møte for andre samarbeidsorgan mellom kommunane til eit eige møte.

7. FRAMDRIFT OG MEDVERKNAD

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Planutvalet sluttar seg til framlegg til framdrift og medverknad og støttar vurderinga av regionråda si viktige rolle i arbeidet.

Endringsframlegg:
ingen

Avrøysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Planutvalet sluttar seg til framlegg til framdrift og medverknad og støttar vurderinga av regionråda si viktige rolle i arbeidet.



